



Cato Gausvik
Klokkarstien 15
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/18035 - 20/74022

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
trygve.solberg@alver.kommune.no

Dato:
19.11.2020

Forlenga mellombels bruksløyve - gbnr 139/48 Tveiten nedre

Administrativt vedtak: Saknr: 1249/20
Tiltakshavar: Rita Helen Gausvik
Ansvarleg søkjar: Villanger & Sønner AS
Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for tilbygg og vesentleg ombygging av einebustad på gbnr 139/48 på følgjande vilkår:

- 1. Mellombels bruksløyve gjeld følgjande del av tiltaket: heile tiltaket.**
- 2. Ferdigattest skal liggje føre innan 31.10.2021.**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 19.05.2017.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Ferdigstilling av balkong mot vest, etablering av bad, hall og vask/bod i underetasje.
2. Uavhengig kontroll av våtrom i bustad.

Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket: einebustad.

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 01.12.2021.

Det vert elles vist til søknad mottteken 06.11.2020.

VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for av tiltaket.

Alver kommune har praksis for å gi mellombels bruksløyve i inntil to år, noko som inneber at det kan gis bruksløyve fram til 31.10.2021 i dette tilfellet. Grunngevinga for dette er at kommunen ønskjer å få tiltak ferdigstilt med ferdigattest innan rimeleg tid.

Skildring

Adresse:	Klokkarstien 15
Bygningstiltak:	Einebustad
Bygningsnummer:	176213337
Bruksareal:	261m ²
Avløp:	Offentleg
Vatn:	Privat vassforsyning
Tal på røykløp:	1

Oppfølging av mellombels bruksløyve

Dersom søknad om ferdigattest ikkje ligg føre innan opplyst frist skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling. Pålegg om ferdigstilling kan gjennomførast ved sanksjoner.

Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve.

Regelverk

- Krav til sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Kommunen kan gje mellombels bruksløyve før ferdigattest, jf. pbl § 21-10 tredje ledd.
- Kommunen skal følgje opp mellombels bruksløyve som er gått ut på dato og eventuelt gi pålegg om ferdigstilling, jf. pbl kapittel 32.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast.

Før det kan reistas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høre til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/18035

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Trygve Solberg
Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Cato Gausvik	Klokkarstien 15	5911	ALVERSUND
Rita Helen Gausvik	Klokkarstien 15	5911	ALVERSUND
Villanger & Sønner AS	KNARVIK	5914	ISDALSTØ